

Innsendar:
Journalist Kyrre Fitje, Sogn Avis

Viktige bidrag frå:

Fotograf Vegard Aasen, gravesjef Erik Sønsteli i Amedia, redaktør Arve Uglum i Sogn Avis og andre viktige hjelparar i avisa, utviklar Kjetil Høiby i Amedia og gjengen i Amedia kreativ.

Saker:

Så langt vår/haust 2024:

Hovudsaker:

- [Mysteriet Elida](https://www.sognavis.no/mysteriet-elida/f/5-115-1126859) (<https://www.sognavis.no/mysteriet-elida/f/5-115-1126859>)
- [- Sjansen for at me har øydelagt noko me aldri kan reparera er ganske stor. Det blir eg veldig lei meg for](https://www.sognavis.no/sjansen-for-at-me-har-oydelagt-noko-me-aldri-kan-reparera-er-ganske-stor-det-blir-eg-veldig-lei-meg-for/f/5-115-1143783)
(<https://www.sognavis.no/sjansen-for-at-me-har-oydelagt-noko-me-aldri-kan-reparera-er-ganske-stor-det-blir-eg-veldig-lei-meg-for/f/5-115-1143783>)
- [Krafta har gjort oss rike, men kan ha gjort fjorden fattigare](https://www.sognavis.no/krafta-har-gjort-oss-rike-men-kan-ha-gjort-fjorden-fattigare/s/5-115-1158354)
(<https://www.sognavis.no/krafta-har-gjort-oss-rike-men-kan-ha-gjort-fjorden-fattigare/s/5-115-1158354>)
- [Elida døyde med rekordhøge verdiar av miljøgifter i spekket](https://www.sognavis.no/elida-hadde-rekordhoge-verdiar-av-miljogifter-i-spekket/s/5-115-1228530)
(<https://www.sognavis.no/elida-hadde-rekordhoge-verdiar-av-miljogifter-i-spekket/s/5-115-1228530>)
- [Forskar Jourdain om rapporten: – Ikkje gode nyheiter](https://www.sognavis.no/forskar-jourdain-om-rapporten-ikkje-gode-nyheiter/s/5-115-1228555)
(<https://www.sognavis.no/forskar-jourdain-om-rapporten-ikkje-gode-nyheiter/s/5-115-1228555>)

-

Oppfølgarar på samleside

- <https://www.sognavis.no/vis/tema/spekkhoggar-mysteriet>
 - Her er også spekkhoggar-kart.

Lenker:

INNLEIING:

I desember 2021 blei ein død kval skylt i land i Rysjedalsvika ytterst i Sognefjorden, utan synlege skader eller ei logisk dødsårsak.

Den skal seinare få namnet Elida.

Kvalen er ein del av den mystiske Eira-flokken, som har skapt mykje oppstyr langs heile kysten av Noreg dei siste åra.

Spekkhoggarane i Noreg lever vanlegvis heile sitt liv i Nord-Noreg. Ingen veit kvifor denne familien oppfører seg annleis, og medan forskarane jaktar på svar, byrjar kvalane og dø.

For Sogn Avis handlar spekkhoggar-mysteriet om å forstå fenomenene som blir snakka med i vårt dekningsområde. Sognefjorden er verdas største isfrie fjord, og knyt dekningsområdet vårt saman. Regionen er mangfaldig med små lokalsamfunn som i varierende grad knytt saman.

Ein ting har me til felles, fjorden. Prosjektet følgjer såleis eit tosida spor.

Me jaktar på svaret om kva som eigentleg skjedde med Elida, samstundes som me vender blikket mot fjorden alle sogningar har eit forhold til.

Veit me nok om kva som rører seg i djupet, og kva følgjer vår bruk av fjorden har for den?

I juni 2024 er ikkje prosjektet ferdig, men godt på veg. I lesartal er serien på høgde med mykje anna me publiserer i avisa, men dette har ikkje vore det viktige her.

Det viktige har vore å setja dagsorden og skapa ein debatt, og det har me gjort. Serien har løfta spørsmålet om Sognefjorden til Stortignet, samstundes som Miljødirektoratet og Nors kinsittutt for vannforskning leitar etter svar på nokre av spørsmåla me stiller oss.

TIPSET: "HER KAN DET VERA NOKO MEIR"

"Det er noko som flyt i fjorden" er ein heilt eigen sjanger i lokalpressa rundt Sognefjorden.

Sakene om mistenkelege, kuriøse eller spennande syn på fjorden når heile vårt dekningsområde gjennom alle samfunnslag.

Dei siste vinterane har spekkhoggarane i Eira-familien blitt eit fast innslag i denne sjangeren. Med ujamne mellomrom kjem den vesle familien på fem inn Sognefjorden, til begeistring for mange.

Frå kvart nes står spente entusiastar og tek dei imot. Fotoentusiastar zoomar med telelinser og hobbypilotar letter med dronene sine. For kvart år får avisa ein strøm av historier om spesielle møter med den nysgjerrige og venlege familien.

I desse åra er det ein av entusiastane som skil seg ut. Naturfotograf Vegard Aasen følgjer spekkhoggarane tett. Han byggjer opp eit nettverk av observatørar langs heile fjorden. Desse noterer datoar og tek bilete av spekkhoggarane når dei kjem.

Dette blir så sendt vidare til forskargruppa Norwegian Orca Survey, som slik kan halda kontroll på kvar familiane er, og korleis det går med dei.

Samstundes som Aasen arbeider i Sognefjorden, gjer andre langs heile kysten det same. Dette gir Norwegian Orca Survey eit kjeldegrunnlag ingen anna norsk forskargruppe nokon gong har hatt om spekkhoggarar, eit datasett med over ein halv million bilete, fullt av informasjon om nokre av landets mest eksotiske dyr.

For Sogn Avis held spekkhoggar-besøka fram slik, som eksotiske møter med vill natur. Så får me ei melding frå Vegard Aasen.

“No har de fulgt desse spekkhoggarane i ei årekkje, men om de er interesserte, trur eg det er meir å henta her”.

Slik fangar ein interessa til ein journalist.

SLIK JOBBA ME

Då spekkhoggaren Elida vart skylt i land i 2021 fekk det lite merksemd. Funnet av den døde kvalen fekk notisar i avisene Bergens Tidende og Firda, men forsvann raskt frå nyhendebiletet.

Det trass i hypotesen som raskt sette seg hjå forskar Eve Jourdain, som starta forskargruppa Norwegian Orca Survey.

Hypotesen var at miljøgifter frå norske farvatn bidrog til å ta livet av kvalen. Tidlege resultat peiker på at dette stemmer, men svaret får me ikkje før ei endeleg undersøking er ferdig. Den ventar me framleis på, nesten fire år ette at kvalen vart funnen død.

Miljøgifter er ei stor utfordring for spekkhoggarar globalt, og somme forskarar frytkar at dei vil dø ut.

Då me byrja å undersøka saka, fann me ut at miljøgifter er ei spesielt stor utfordring i norske fjordar. Gifta samlar seg her. Me spurde oss om gift frå Sognefjorden kunne ha teke livet av Elida. Kva ville det i så fall bety for familien hennar, som stadig kjem tilbake hit?

Ikkje toksikologar

Dette er spørsmål som ein treng fagleg kompetanse for å svara på.

Difor var det første me gjorde, var å nå breitt ut til ulike forskarmiljø for å finna ut det me kunne om problemstillinga. Det var då me gjorde interessante funn.

Spekkhoggarar fann me mykje forskning på, og det same om miljøgifter generelt. Men jo meir spesifikke me vart på vårt område, desto mindre var det å finna.

Etter å ha stussa på dette, byrja me å leita etter kunnskap og forskning på Sognefjorden generelt. Me fann så godt som ingenting. Det var forskning på spesifikke rasar i spesifikke miljø, men det einaste me fann om heilskapen var ei bacheloroppgåve og gamle fangstrapportar.

Forskarane me snakka med stadfesta det me fann. Sognefjorden var forsømt frå forskinga si side.

Ei ny vending

Slik endra problemstillinga si seg noko. Samstundes som historia om spekkhoggaren Elida var den same, ville me no og setja fokus på den manglande kunnskapen om Sognefjorden.

I dialog med Norwegian Orca Survey vart det og mogleg å få tak i informasjon om *delar* av det omfattande datasettet dei har med spekkhoggarobservasjonar.

Dette gav oss sjansen til å løfta sakene til andre aviser i Amedia. Me laga eit kart med observasjonane, og tilbydde naboavisene våre å presentera historier om spekkhoggarane i det.

Dette lukkast til ei viss grad, sjølv om me nok hadde litt for dårleg tid til å få med så mange som me potensielt kunne.

Serien vart delt inn i fire hovudsaker, der tre av dei er publisert i dag. I tillegg kom fleire oppfølgarar undervegs.

ME "spente bogen" med den første artikkelen, "Mysteriet Elida".

Denne presenterte både historia om ho, og mangelen på kunnskap me avdekte om Sognefjorden. Denne forklarte også samanhengen mellom dei to problema,

Sak nummer to presenterte oss for det store datasettet, og me samla historier frå Avisen Hordaland, Firda og Tidenes Krav, for å nemna noko.

Etter dette ville me stikka tåa nedi sjølv, og leika forskarar.

Gjennom arbeidet så langt hadde me saumfart det me fann av forskning og kunnskap om heilskapen i Sognefjorden. Det me fann var som sagt lite, men alt peika på at *noko* skjedde med livet i fjorden rundt 70- og 80-talet.

Krafta frå fjella har bygd samfunn i Sogn. Den gir industri, arbeidsplassar i lokalsamfunna og enorme inntekter til kommunekassane.

Samstundes sat me på data som kunne indikera at mykje av fisken forsvann, akkurat i det krafteventyret starta.

Likevel var denne samanhengen aldri diskutert. Difor løfta me dettte opp til lyset i den tredje saken i serien.

Den fjerde saka i serien er svaret på prøvane som vart tekne av Elida. Dei ventar me framleis på, og sidan me starta prosjektet vårt har problemstillinga blitt større.

KONKLUSJONEN

Ifølgje lesartala er sakene om “spekkhoggar-mysteriet” blitt over gjennomsnittet godt lesne alle saman. Det er likevel ikkje målet med denne serien, det var å skapa eit fokus på fjorden.

I 2026 kan Sognefjorden bli eit verneområde, og dette vart vårt bidrag for å skapa merksemd og debatt om verneprosessen som no er i gang.

Det har me lukkast med.

“Spekkhoggar-mysteriet” har blitt diskutert langs heile fjorden, og heilt til Stortinget. Sakene har overraska forskarar som sit tett på feltet, men samstundes forvalta stoffet på ein måte som gjer at kvar ein sogning kan forstå.

Det er eit litt anna journalistisk prosjekt, der metoden vel må skildrast som ei litteraturstudie meir enn noko anna.

I skrivande stund jobbar me med den siste saka i serien. Sidan me starta på serien, har tunge forskingsinstitutt blitt involvert.

Havforskningsinstituttet bidreg med til ny forskning på spekkhoggar-familien, og både Niva og Miljødirektoratet har fatta interesse for funna som er gjort i spekkhoggaren Elida. Om alt dette er på grunn av vår serie, veit me ikkje.

Men det me veit, er at me har fått folk i alle samfunnslag i dekningsområdet vårt til å spørja seg kva som skjer med Sognefjorden, og kva skuld me menneske har i det.

Det var og målet me sette oss då me starta.

Målet var å skape ei rikssak, og det klarte me. Då den avgjerande rapporten om Elida sin dødsårsak vart offentleg den 30. oktober, vart me slått av [Dagbladet](#) og [Tv2](#). Eit slag i ansiktet først, så innsåg me at riksmidia tok tak i ei sak Sogn Avis hadde skapt. Dei brukte namnet “Elida” om kvalen. Dette namnet fekk ho under eit redaksjonsmøte i Sogn Avis nokre månader før.

Dermed hadde me skapt ei så stor rikssak at me som lokalavis vart hårfint utkonkurrert av medier med ein sterkare desk. Då kjendest det som ein siger likevel.